

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 16/855-1

## Mindre utbetringstiltak 2016

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Midlar til mindre utbetringstiltak i 2016 vert fordelte slik (tal i mill. kr):
  - a. Oppstart av prosjekt
 

Fv. 53 Brøytetasjon Holsbru	1,0
Fv. 92 Vamråktunnelen	1,8
Fv. 662 Nordfjordeid – Torheim, (Hundeidebrua)	1,6
  - b. Prosjektering
 

Fv. 121 Vange bru – Seljestokken	0,2
Fv. 724 Fossvega	0,2
Fv. 614 X fv. 577 Myklebust	0,2

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

FT-sak 46/13 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023

FT-sak 68/2015 Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19

FT-sak 52/2015 Sikring av fv. 633 ved Kleiva

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19 er det ei ufordelt løyving på 5 mill. kr til mindre utbetringstiltak i 2016. Det er vidare lagt til grunn 38 mill. kr i 2017. I denne saka føreslår vi korleis ufordelte midlar skal nyttast i 2016, samt førebu aktuelle tiltak i 2017. Vi føreslår oppstart/bygging av tre prosjekt, og prosjektering av tre prosjekt som klargjering for 2017.

Historikk - tidlegare vedtak

Sikring av fv. 633 ved Kleiva var føresettt finansiert som mindre utbetringstiltak i Regional Transportplan for perioden 2014 – 2023, med 10,2 mill. kr i 2016 og 30,7 mill. kr i 2017 (2014-

kriner). I FT-sak 52/2015 Sikring av fv. 633 ved Kleiva vart prosjektet flytta til rassikringsposten. Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

1. «Fv. 633 Kleiva vert prioritert før fv. 722 Flovegen i prioriteringslista for rassikring.
2. Midlar til prosjektering og planarbeid på fv. 633 Kleiva vert dekt av løyvinga til ufordelte mindre skredsikringstiltak i 2016.
3. Planlegginga på Fv 722 Flovegen går vidare som planlagt.»

Investeringsmidlane som var føresett brukt til rasoverbygg ved Kleiva ligg no som ufordelte midlar til mindre utbetringstiltak.

### Sentrale problemstillingar

Vi har ei ufordelt løyving til mindre utbetringstiltak på 5 mill. kr i 2016 og 38 mill. kr i 2017. Vi må sjå desse midlane i samanheng og førebu tiltak som kan vera aktuelle å gjennomføre i 2017 i år, då vi elles risikerer å ikkje greie å bruke alle midlane som er til rådvelde. Prosjektering og utlysing av oppgåver på anbod er oppgåver som tek tid, og for å greie å bygge på den gunstigaste tida av året, er det tenleg å gjera slike førebuande arbeid året før.

Vi har teke utgangspunkt i vedteken marginalliste for utbetring av fylkesvegar i Handlingsprogram for Regional transportplan 2014-17(23).

### Andre opplysningar

Nokre tiltak på vedteken marginalliste er heilt eller delvis gjennomførte eller blir planlagde, medan andre er klare for prosjektering.

Tabellen under syner oppdaterte kostnadsoverslag og finansieringsbehov, samt framlegg til fordeling av midlar for 2016. Kolonna «Behov 2017» syner kor mykje midlar vi treng i 2017 dersom alle dei føreslegne tiltaka skal gjennomførast. Det vil vera noko uvisse i desse kostnadsoverslaga.

Aktuelle utbetringstiltak	Kostnadsoverslag i handlingsprogram (mill. 2013-kr)	Oppdatert kostnadsoverslag/ finansieringsbehov (mill. 2016-kr)	Framlegg 2016 (mill. 2016-kr)	Behov 2017
<b>I handlingsprogrammet 2018-2023</b>				
Fv. 050 Brøytestasjon	3,5	-	-	-
Fv. 053 Brøytestasjon Holsbru	3,0	6,0	1,0	5,0
<b>Marginalprosjekt utbetringstiltak</b>				
Fv. 013 Dragsvik ferjekai	20,0	-	-	-
Fv. 053 Fjellsikring vest for Finnsåstunnelen	8,0	-	-	-
Fv. 057 Undalstunnelen	20,0	-	-	-
Fv. 061 Naveosen - Sollibakke	-	-	-	-
Fv. 092 Vamråktunnelen	10,0	2,0	1,8	0,0
Fv. 121 Vange bru - Seljestokken	5,0	5,4	0,2	5,4
Fv. 301 Farnes - Hjelle	20,0	10,0	-	-
Fv. 302 Midtun - Åbøle	50,0	-	-	-
Fv. 331 Skjolden - Urnes	20,0	21,4	-	-
Fv. 393 Håland - Tømmerbakke	4,0	12,0	-	-
Fv. 421 Vikja - Roska	5,0	5,4	-	-
Fv. 606 Dumbesvingane	3,0	3,2	-	-
Fv. 609 Stongfjorden - Askvoll	30,0	32,1	-	-
Fv. 621 Måløy - Vågsvåg	13,0	13,9	-	-
Fv. 661 Haugen - Myrøld	27,0	28,9	-	-
Fv. 662 Nordfjordeid - Torheim, Hundeidebrua	30,0	12,0	1,6	10,4
Fv. 724 Fossvega i Oldedalen	1,0	3,0	0,2	3,0
<b>Marginalliste trafikktryggingstiltak</b>				
Fv. 614 X fv. 577 kryss Myklebust	6,3	8,0	0,2	8,0
	278,8	163,3	5,0	31,8

Prosjektmøtar*Fv. 050 Brøytestasjon*

Her er det gjort mindre tiltak innan vedlikehaldet. Det er ikkje behov for ytterlegare tiltak no.

*Fv. 053 Brøytestasjon Holsbru*

Brøytestasjonen er i dårleg stand, og det er behov for nybygg. Dette kan byggast som totalentreprise i 2016.

*Fv. 013 Dragsvik ferjekai*

Sjølvferjekaien er riksveg, medan kaiområdet elles er fylkesveg. Turistvegprosjektet har tidlegare laga plan for utbetring av kaiområdet. Dette er ikkje finansiert.

*Fv. 053 Fjellsikring vest for Finnsåstunnelen*

Dette vart utført i 2014.

*Fv. 057 Undaltunnelen*

Tiltak utført i 2015.

*Fv. 061 Naveosen – Sollibakke*

Reguleringsplan er venta ferdig i 2016.

*Fv. 092 Vamråktunnelen*

Kort tunnel mellom Bjordal og Ortnevik på Høyanger sørsida med problem ved møtande trafikk. Tunnelen er 241 meter lang. Den er ikkje med i plan for tunnelrehabilitering eller omfatta av tunneltryggingforskrifta. Årsdøgertrafikken er 200 kjt/d. Aktuelt tiltak i 2016 er møteplass. Dette er tidlegare lyst ut, men det vart stansa pga. manglande finansiering.

*Fv. 121 Vange bru – Seljestokken*

Utbetring av drenering fylkesveg. Liten lysopning under Vetlabru gir fare for flaum ved store nedbørsmengder. Problem med iskøyving. Kan prosjekterast i 2016.

*Fv. 301 Farnes – Hjelle*

Aktuelt tiltak er å utvide grøft for å ta imot is- og steinnedfall frå skjering og fjellområdet over skjeringa ved Galden. Det er gjort noko tiltak på del av strekinga. Vi bør lage forprosjekt i 2016. Uviss kostnad.

*Fv. 302 Midtun – Åbøle*

Tiltaket gjeld utbetring av veg og slyngar i svært vanskeleg terreng. Her er framkomstproblem for store køyretøy. Planarbeidet starta, og vart vedteke stansa i 2015. Dette vil vera meir komplisert og omfattande enn tidlegare føresett og kostnaden vil bli stor. Må vurderast i samband med rullering av RTP.

*Fv. 331 Skjolden – Urnes*

Det er laga rapport med oversikt over aktuelle tiltak, t.d. møteplassar. Fleire mindre tiltak kan vera aktuelle. Ein ustabil mur blir finansiert innan vedlikehald i 2016. Prosjektavklaring 2016.

*Fv. 393 Håland – Tømmerbakke*

Her er godkjent reguleringsplan for møteplassar og utviding av kurver. Anslag frå 2011 syner ein kostnad på 8 mill. kr med gamal mva. Rekna om til 2016-kr og ny mva blir dette om lag 12 mill. kr.

*Fv. 421 Vikja – Roska*

Det er laga forprosjekt 2013. Fleire mindre tiltak kan vera aktuelle.

*Fv. 606 Dumbesvingane*

Smal vegstrekning i Solund. Behov for møteplassar eller utviding av vegen. Vi bør lage forprosjekt 2016, jf. sak om fordeling planleggingsmidlar 2016.

*Fv. 609 Stongfjorden – Askvoll*

Det er laga ein rapport som syner fleire aktuelle utbetringstiltak, m.a. rekkverk og møteplassar. Vi må vurdere om det er mogleg med mindre tiltak som ikkje krev reguleringsplan. Prosjektavklaring 2016.

*Fv. 621 Måløy – Vågsvangen*

Dette er ein smal veg i til dels vanskeleg terreng, behov for møteplassar, forsterking og trafikktryggingstiltak. Vi må vurdere om det er mogleg med mindre tiltak som ikkje krev reguleringsplan. Prosjektavklaring 2016.

*Fv. 661 Haugen – Myrøld*

Det er laga ein rapport som syner aktuelle tiltak som forsterking, drenering og møteplassar. Prosjektavklaring av aktuelle tiltak 2016

*Fv. 662 Nordfjordeid – Torheim*

Det vart laga ei utgreiing i 2013 som syner aktuelle tiltak. Hundeide bru er ein flaskehals for tømmertransport. Ny bru er er ferdig prosjektert. Vi kan lage tilbudsgrunnlag for utlysing og bygging i 2017. Kostnad om lag 12 mill. kr. Fleire mindre tiltak på strekninga er også aktuelt.

*Fv. 724 Fossvega i Oldedalen*

Her ønskjer vi forhøge betongvange på rasoverbygg for å hindre snøskred i vegbana. Vi føreslår å prosjektere tiltaket i 2016.

*Fv. 614 X fv. 577 kryss Myklebust*

Ombygging av dårleg utforma kryss av omsyn til trafikktrygging. Det er laga teknisk plan og kostnadsvurdering og gjort avtale med grunneigar. Tiltaket er klar for prosjektering.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

I framlegget startar vi følgjande prosjekt i 2016:

- Fv. 53 Brøytestasjon Holsbru
- Fv. 92 Vamråktunnelen
- Fv. 662 Hundeidebrua

Desse prosjekta gir ei binding på i storleiken 15,4 mill. kr i 2017.

Vidare føreslår vi at følgjande prosjekt vert prosjektert med tanke på oppstart i 2017:

- Fv. 121 Vange bru – Seljestokken
- Fv. 724 Fossvega
- Fv. 614 X fv. 577 Myklebust

Dersom desse vert starta i 2017 medfører det eit finansieringsbehov på i storleiken 16,4 mill. kr i 2017.

Kostnadene presentert i saka har noko uvisse. Det vil påverke kor mange prosjekt det er rom for å starte i 2017.

## **3. Konklusjon**

For å greie å omsette løyvinga til mindre utbetringstiltak i 2016, må vi prioritere tiltak som er komne så langt at dei lar seg lyse ut og bygge i år. Tilsvarande må vi førebu aktuelle tiltak for 2017. Vi førelår difor at midlar til mindre utbetringstiltak blir fordelte til bygging og prosjektering slik det går fram av tabellen under punkt 2 i saka. I tillegg er det ein del tiltak som treng nærare prosjektavklaring før vi kan starte prosjekteringsarbeid.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)